

# KRINSTING NBF SOGN OG FJORDANE

Skei

Søndag 25. april 2010

## **Sak 1:Godkjenning av representantane sine fullmakter**

Representantar tilstades frå klubbane:

Førde 3

Vik 1

Leikanger 3

Florø 2

Sogndal 1

Skjolden 1

Balestrand 1

Krinstyret: Helge Sæterdal, Kai Lille-Homb, Åsbjørn Hegrenes, Torveig Botnen, Gunn Angelskår

### **Vedtak: Fullmaktene samråystes godkjende**

Sak 2: Val av ordstyrar og skrivar

Framlegg:

Ordstyrar: Kai Lille-Homb

Skrivar: Hege Kristiansen

### **Vedtak: Begge vart samråystes valde**

**Sak 3: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Vedtak: Samråystes godkjend**

## **Sak 4: Val av 2 representantar til å skrive under møteprotokoll**

Framlegg:

Knut Skorpen

Ivar Apelseth

### **Vedtak: Begge vart samråystes valde**

## **Sak 5: Årsmelding**

Årsmeldinga for 2008 og 2009 samråystes godkjend med følgjande tillegg:

Det skal stå:

KM par finale 2008

1. Paul Henning Loen - Jørund Årdal	Vikane BK/Sandane BK	303,21
2. Arvid Hauge - Robert Hæreid	Årdal BK	240,28
3. Leif Kvamsdal – Kåre Kvamsdal	Førde BK/Årdal BK	226,46

Korrigert rekkefølgje.

I Festival mix 2009 vart Jorunn Tennefoss og Steinar Grøneng nr 57.

Eignelutar:

Det vart stilt spørsmål om meldeboksar som står på Førde hotell faktisk tilhører krinsen. Kai Lille- Homb hadde teke utgangspunkt i dette, da han ikkje hadde fått annan informasjon.

Det vart opplyst at sameige ny dubleringsmaskin i Sogn gjeld klubbane Skjolden, Gaupne, Hafslo, Sogndal og Leikanger. Vedtak om innkjøp vart gjort førre krinsting.

Det har ikkje vore minkande aktivitet elles i landet, derimot ei marginal stigning, jf referat styret i bridgeforbundet. Setninga «som elles i landet» strykast difor. (etter eignelutar).

Drøfting knytt til aktivitet i krinsen.

Det vart gjeve ein ekstra applaus til dei som har oppnådd gode resultat i store turneringar. Mange gode resultat i krinsen.

**Vedtak: Styremeldinga vart godkjent med stryking som nemnt over.**

**Sak 6: Rekneskap**

Rekneskap var endra i forhold til det som har vore lagt ut på krinsen si heimeside. Korrigert rekneskap vart delt ut. Endringa innebar ei justering av diverse utgifter.

*Dubleringsmaskin:*

Det vart gjort greie for innkjøp av dubleringsmaskin. Motteke sponsormidlar gjaldt ny dubleringsmaskin. Klubbane har betalt 20.000 totalt, i tillegg har ein motteke ei gavé på 35.000 frå Sparebanken Vest og 10.000 frå Luster Sparebank. Merknad; slik informasjon bør gå fram av note til rekneskapen.

Dubleringsmaskina som er kjøpt inn er henta i Sverige. Det er ikkje svara moms av kjøpet.

I rekneskapet mangla informasjon om bankinnskot, og kasserar hadde heller ikkje tal på dette å legge fram under møtet. Korrigert rekneskap der bankinnskot går fram vert sendt ut saman med referat frå krinstinget. Bankinnskot pr 31.12.2009 var: 170.911,24

Arbeidskapitalen har auka frå 104 tusen til 130. tusen i perioden.

Kommentar på at det ikkje har vore utbetalt tilskot knytt til rekrutteringstiltak.

Krinstinget gjev nytt krinsstyre pålegg om å syte for ilegging av inngåande meirverdiavgift på dubleringsmaskin, samt avklare om resterande kjøp har skjedd i samsvar med gjeldande avgiftsreglar.

Krinsen må syte for registrering i einingsregisteret.

**Vedtak:**

**Rekneskapen for 2008 og 2009 vert godkjent under følgjande føresetnad:**

- 1) Det utarbeidast note som viser inntekter og kostnadars knytt til kjøp av dubleringsmaskin**
- 2) Nytt krinsstyre påleggjast å syte for at det vert svara inngående meirverdiavgift på dubleringsmaskin, samt avklare om resterande kjøp har skjedd i samsvar med gjeldande avgiftsreglar.**

## Sak 7: Innkomne saker

### **Rekrutteringspris:**

Det har vore lyst ut ein rekrutteringspris for juniorar. Krav til prisen er at medlemmet er junior, dvs under 26 år. Vedkommande må ha gjennomført kurs for mindre enn 3 år sida, ha delteke aktivt og vist genuin interesse for bridgen, samt delteke på minst 10 klubbkveldar. Det var ikkje kome inn forslag på kandidatar før årsmøtet.

Prisen består i dekning av kostnader knytt til NBF sin juniorleir, påmeldingsavgift, og reisegodtgjersle, maks 1.400,-

Kom forslag om kandidat i Florø bridgeklubb – Terje Svardal. Referentens kommentar, vedkommande medlem er eldre enn 26 år, og er difor ikkje kvalifisert til prisen.

Vedtak:

Styret sender ut informasjon til klubbanne. Ein vedtek at ein kan sende inntil 5 juniorar som oppfyller nemnde kriteria i 2010.

### **Framlegg om årleg avvikling av krinssting.**

Det kom fram at ei endring som inneber årleg avvikling av krinsting krev vedtektsendring. Det var difor ikkje mogleg å handsame saka på krinstinget.

Det vart og drøfta alternativ til årleg krinsting, til dømas samling av klubbleiarane i krinsen.

Tidspunkt for avvikling av krinsting vart også drøfta. Normalt skal krinsting haldast medio april. Dei siste to krinstinga er halde etter denne dato.

### **Framlegg:**

Styret oppmodast om å kalle inn til ekstraordinært krinsting i løpet av hausten 2010, og at vedtektsendring knytt til årleg avvikling av krinsting då vert handsama. Tidspunkt for avvikling av krinsting vert handsama samstundes.

### **Turneringsavvikling i Krinsen:**

Jan Frode gjorde greie for innspelet:

Understrekka at det ikkje var meininga å skape ei ”fogderistrid”, men eit ynskje om å få fleire av spelarane frå Sogn til også å delta på turneringar.

Vedtekten seier følgjande:

*KM- PAR vert spela med lokale kvalifiseringar.*

*KM- LAG vert avvikla med turneringsform fastsett av krinsstyret.*

*Krinsstyret fastsæt sentral spelestad for dei ulike samlingane i regionane.*

Det kom også innspel om at klubbanne sin eigen aktivitet er viktig for å halde interessa for turneringar oppe. Til dømes at klubbanne sjølve arrangerer turneringar for å få med dei ferske spelarane. Og viktig å sjå på om krinsstyret kan være til hjelp for å få dette til. Til dømes arrangere kløver- og raternålturneringar.

Sonespeling har vore eit vellukka virkemiddel. Få krinsar som har hatt like stor oppslutning i KM par som Sogn og Fjordane har hatt.

Ei viktig utfordring er å få opp deltakartalet på KM-lag. Ein bør og kunne gjennomføre speling i dei sonane som har nok påmelde til sonekvalifisering lag, sjølv om ikkje alle sonane har nok påmelde til at det kan gjelda som kvalifisering. I tilfelle står turneringa berre som sonemeisterskap.

Styret tek med seg dei innspela som er komne inn i si planlegging av terminliste.

Det kom også fram at det var ei stund sidan ein hadde sjekka pris på å arrangere turneringar på Skei. Nytt krinsstyre må følgje dette opp.

### **Kostnadsutjamning:**

Det vart fremma forslag om prinsipp for utjamning av reisekostnadar for klubbane knytt til deltaking på turnering. Taleksempel vart delt ut. Ein kan tenke seg at ei slik utjamning til dømes kan skje gjennom startkontingenget.

Forslaget vart positivt motteke og ein meinar dette er verdt å prøve.

### **Vedtak:**

Kostnadsutjamning vert innført som eit prøveprosjekt for KM lag finale, gjerast over påmeldingskontingent, med på førehand definerte tabellar. Styret vert gjeve i oppgåve å utgreie praktisk løysing for dette.

### **Lagt inn innspel knytt til tidspunkt for avvikling av parfinale:**

krinsen sitt styre tek dette opp til vurdering knytt til gjennomgang av terminliste.

### **Sak 8. Budsjett 2010 og 2011**

Styret kom med framlegg til budsjett for 2010 og 2011 samla.

Ikkje gjort forslag om endring av kontingenget. 100 pr hovudmedlem. Ikkje noko for juniorar. Samrøystes vedtak.

Div utgifter vert truleg noko høgre som følgje av avgift på dubleringsmaskin.

Tilskot rekrutteringstiltak; Føreslege ei auke til 10.000,-

Pkt 19 aukar frå 6.000 til 10.000 – justering av overskot til 17.500,- og kan verte ei auke i ymse utgifter.

### **Vedtak:**

Framlegg til budsjett med føreslegen endring knytt til pkt 19 – tilskot rekrutteringstiltak aukast til 10.000,- - vart samrøystes vedteke. Overskot vert da justert til 17.500,-

### **Sak 9: Val**

Det skal ikkje veljast utval og nemnder. Desse skal peikast ut av krinsstyret.

Valnemnda har vore samansett av Sjur Arne Bøe, Hege Kristiansen, Audun Skogen.

Framlegg frå valnemnda:

Leiar Gunn M Angelskår, Leikanger bridgeklubb  
Kasserar Kai Lille-Homb, Sogndal bridgeklubb  
Sekretær Hege Kristiansen, Florø bridgeklubb og Førde bridgeklubb  
Organisasjonsansvarleg Jan Frode Bolstad, Skjolden Bridgeklubb  
Turneringsansvarleg Torbjørn Pedersen, Leikanger Bridgelag  
Ungdomskontakt /rekryttering Herold Kråkenes, Måløy bridgeklubb

Vara: Frode Holen og Arnstein Menes.

Revisor : Tor Henning Mardal

Valnemnd : Helge Sæterdal  
: Sjur Arne Bøe  
: Audun Skogen

**Vedtak: Alle vart samrøystes valde**

---

Hege Kristiansen

- sekretær -

Ivar Apelseth

Knut Skorpen

**Info fra organisasjonsdagene – spar ti avvikles, innføres ett nytt system kallt «ruter». Koster for mye med hensyn til utvikling. Skal kombineres med nytt system fra NBF sentralt.**

**Heimesider virker inntil nytt system ligger føre. Informasjon knytt til medlemsinfo skal administrerast via nytt system. Innføring fra hausten.**

**Medlemsdatabase på nytt system.**

**Nordisk – BBO Nordic – skal satses på. Må være medlem i ein av organisasjonane for å kunne ta del. Planlagt oppstart hausten 2010.**

**BK 2000 vert heller ikkje utvikla vidare.**